

I- og A-form

Der er reisning over I. — Som ei lerka — fuglefri —
han mot høgdi stiger.

Men den myrke, tunge A — ned i moldi vil deg dra.
Vengjelaus Du siger.

A'en sløkkjer ljuset bjart. Jorda, sola, alt vert svart:
Mora, orda, borda!

Krusa, husa vert so grå. Du med naudi kan dei sjå.
Alt vil ned i jorda!

Ljos og lett — som duva kvit, I'en gjev vår mål sin lit
Skir — som skum på bylgja.

Med sin milde høgtidssjarm. — Skin — som på ein kvinnebarm
gylte bringesylgja!

Milde, vene, bjarte I. Eg vert sorgfull eg, fordi
dei vil burt Deg driva. — Om det so skal valda storm,
Må di ljose, fagre form i vår mål få liva!

Johs. M.L. Rydland.